



Hordaland Fylkeskommune

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
22.04.2014	Ruth Karin Halvorsen	14/545 - 4	

Uttale til søknad om utviding av havbruksanlegg ved Jibbersholmane i Radøy mot Bergsvikhamn i Austrheim kommune

Vedlagt følger vedtak.

Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen brevet kom frem til adressaten. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt innen fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftlig til den instansen som har truffet vedtaket. Angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes og begrunnelse for klagen.

Vennlig hilsen
Ruth Karin Halvorsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Skjærgårdsfisk AS

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
072/14	Formannskapet	PS	09.04.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - U43	14/545

Uttale til søknad om utviding av havbruksanlegg ved Jibbersholmane i Radøy mot Bergsvikhamn i Austrheim kommune

Vedlegg:

Kunngjering - søknad om auka areal for anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet

Jibbersholmane i Radøy kommune

Søknadsskjema frå Skjærgårdsfisk AS

Kunngjering - Jibbersholmane

Brev datert 25.03.14 frå Hordaland Fylkeskommune til Radøy kommune og Austrheim kommune ang. søknad om auka areal for anlegg for oppdrett

Følgjeskriv sektormynde

Søknad frå Skjærgårdsfisks AS til Hordaland Fylkeskommune om endring possisjon Jibbersholmane

Vedlegg 4.3.3 2013-09 Rapport nr. 1041-2013. MOMB Jibbersholmane Skjærgårdsfisk AS 2 sept 2013 (Vedlegg 6.2.1)

Vedlegg 6.1.1.1 Gebyr havbruk

Vedlegg 6.1.3.1 Sjøkart 1-50000

Vedlegg 6.1.3.2 Kystsoneplan

Vedlegg 6.1.3.3 Jibbersholmane kart

Vedlegg 6.1.3.4 Jibbersholmane kart

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og

andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer av omsyn til skaldyr i området og rekefeltet i nord, men og på grunn av nærleiken til det store gytefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikalier som inneheld kitingemmarar på dette havbruksanlegget. Desse punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune. Austrheim kommune meiner at omsøkte tiltak nært både øyar og landområde mot Austrheim vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

Austrheim kommune krev at denne søknaden skal handsamast som ei dispensasjonssak i kommunen vår om søknaden vert slik den føreligg til uttale, eller om den kjem i berøring med arealdelen i Austrheim kommune på nokon måte

Formannskapet - 072/14

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngjevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer av omsyn til skaldyr i området og rekefeltet i nord, men og på grunn av nærleiken til det store gytefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikalier som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune. Austrheim kommune meiner at omsøkte tiltak nært både øyar og landområde mot Austrheim vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

Austrheim kommune krev at denne søknaden skal handsamast som ei dispensasjonssak i kommunen vår om søknaden vert slik den føreligg til uttale, eller om den kjem i berøring med arealdelen i Austrheim kommune på nokon måte

Saksopplysninger:

Skjærgårdsfisk AS har sendt på høyring søknad om utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 på Jibbersholmane mot Bergsvikhamn og endring av posisjon. Søknaden er registrert inn den 26.03.2014. Verksemda ynskjer å utvida det noverande matfiskanlegget frå om lag 44 dekar til 80 dekar. Fire av ilane med strekk frå den eine omsøkte ringen frå havbruksanlegget vil i nordaust gå inn i areal avsett til Fiske-, ferdsel, natur-, og friluftsførmål, det er såleis dette tiltaket som gjer at saka vert ein dispensasjonssøknad om det seinare kjem ein ein tilsvarande søknad som no er på høyring. Tre av ringane vert utvida mot nord og her er er omsøkt tiltak innafor området avsett i arealdelen til akvakultur (FFNFA), A står for akvakultur). Mestedelen av omsøkt nytt areal vil kome mot nordvest. Anlegget må dreiest noko mot nordvest for å få nok djupne under merdane til ny teknologi for nedlodding av not. Større ramme og dreining av anlegget medfører og at det vert endringar i fortøyningsarrangementet. Merdanlegget, forflåten og mesteparten av fortøyningsarrangementet ligg i Radøy kommune, medan fem fortøyningar/ankerfeste mot nordaust og ei fortøyning ankerfeste mot nordvest ligg i Austrheim kommune, sjå vedlagte kart. Posisjonen for forflåten vert ikkje endra frå noverande situasjon. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasiteten.

Bakgrunnen for søknaden skriv Skjærgårdsfisk er: **«Å legge til rette for eit framtidsretta anlegg for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Eksisterande anlegg må skiftast ut med nye sertifiserte komponentar med bakgrunn i NS 9415 og har som formål å hindra rømming av fisk.**

Ved å gjere denne endringa vil ein styrkja Skjærgårdsfisk AS som eit lokalt selskap med eigen administrasjon og drift i Radøy kommune. Endring av posisjonen for anlegget vil gje betre miljøtilhøve på lokaliteten, og vil styrkja tiltakspakka mot sjukdom.

Soneindelinga som er iverksatt medfører at Jibbersholmane blir ein svært viktig lokalitet for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Endring av posisjonen vil gje moglegheiter til å optimalisere drifta ytterligare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein "alt inn og alt ut" produksjon mest mogleg hensiktsmessig.

Plasseringa er gjort for å gje optimale miljøtilhøve og vil gje vinst mhp fiskehelse og motstand mot parasittar i anlegget. Etableringa av framtidretta anlegg som tilfredstiller krav i kommande forskrifter, vil også vera med på å leggja tilhøva til rette for villevande bestandar. Tilpassinga til soneinndelinga vil betra dei langsiktige utviklingsmoglegheitene til næringa.»

Austrheim kommune skal gje uttale til søknaden før Hordaland Fylkeskommune gjev endeleg vedtak i saka etter sitt lovverk. Dette skal skje innan tre månadar etter at kommunen fekk tilsendt saka frå fylkeskommunen. Me fekk saka i hende den 26.03.2013.

Søklar mskriv at søknaden er i tråd med vedtatte arealplan i kommunen. Dette gjeld i såfall berre i Radøy kommune og ikkje i Austrheim kommune. Tillat biomasse på dette matfiskeanlegget er i dag på om lag 3.000 tonn, det vert ikkje søkt om å endra denne.

Austrheim kommune vil peike på at utvidinga ligg i FFNF område der fiske ferdsel, natur og friluftsliv er arealformålet. Søklar opplyser om at det er ingen rutegåande trafikk i området og at utvidinga ikkje vil ha konsekvens på farlei eller trafiktryggleiken til sjøs.

Vurdering:

Ved handsaming av ein eventuell dispensasjonssøknad seinare som her skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til arealformålet i kommuneplanen sin arealdel som er vurderingstema her. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser. Fem fortøyningar/ankerfeste mot nordaust og ei fortøyning ankerfeste mot nordvest er planlagt inn i FFNF-området i Austrheim kommune

Det er omsynet ilandføringa av **Johan Sverdrup oljeleidninga**, men og omsyn til tradisjonelt fiske, natur- landskap, friluftsliv og tilgjenge for ålmenta som er vurderingstema i uttalen til denne saka. Denne planlagte utvidinga kan vanskeleggjera planlegginga og ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Bergsvikhamn i Austrheim kommune. Dette er eit stor nasjonalt prosjekt som nett planlegginga har byrja på, men me veit at ilandføringa vert i Bergsvikhamn.

Rådmannen vil peike på at den omsøkte plasseringa og såleis deler av havbruksanlegget ligg innafor areal avsett til Fiske-, ferdsel-, natur-, friluftsområde i kommuneplanen til Austrheim. Fem fortøyningar/ankerfeste mot nordaust og ei fortøyning ankerfeste mot nordvest er tenkt plassert i i areal avsett til Fiske-, ferdsel-, natur-, og friluftsmål, dette tiltaket vert såleis på sikt om det vert omsøkt ein dispensasjonssøknad sidan dette er i strid med overordna plan for dette sjøområdet.

Rådmannen peiker på at i kommuneplanen sin arealdel er det eit rekefelt ret nord for oppdrettsanlegget. Ved utviding av anlegget mot krev Rådmannen difor at nye fortøyningssystem vert lagt ut på ein måte som ikkje medfører ytterleg beslag av rekefeltet. Rådmannen meiner at ei

utviding av dette matfiskeanlegget vil gje eit klart snevrare fartsområde for båt- og skipstrafikken i området. Dette vil og direkte gripa inn i kommunen sitt satsingsområde på friluftslivaktivitetar knytt til hav og sjø og havsportsatsinga ikommunen. Rådmannen vil peike på at det her er stor trafikk av småbåtar og kajakkar heile året. Dette rekreasjonsområdet vil verta skadelidande med ei utviding av matfiskeanlegget inn i Austrheim kommune sitt sjøareal. Rådmannen vil og få fram at dette området er tradisjonelt nytta til garn og teinefiske for yrkesfiskarar i Nordhordland. Rådmannen ser såleis at omsøkt tiltak i FFNF-området vil her koma i strid med tradisjonelt fiske og friluftsliv i dette sjøområdet. Omsynet til fiske, natur, landskap eller friluftsliv blir vesentleg tilsidesatt i denne saka om matfiskeanlegget vert utvida som omsøkt.

Rådmannen vil peike at omsøkt tiltak vil føra til auka privatisering av området og fordelane ved å gje dispensasjonsløyve her blir klart mindre enn ulempene, etter ei samla vurdering. Etter ei samla vurdering meiner difor rådmannen at ei utviding som omsøkt ikkje bør tillatast. Rådmannen rår såleis frå at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen til omsøkt tiltak om ein søknad vert realitetshandsama..

Vurdering etter naturmangfaldslova:

Rådmannen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova og denne er lagt dette til grunn ved vurderingane. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Me har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

I Naturmangfaldlova si § 4 står det at: «Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.» Kommunen finn at omsøkte tiltak i både vil ut frå vårt kunnskapsgrunnlag koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova. I vurderingane har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland og Viltrapporten i kommunen. Av omsyn til oterbestanden i økosystemet som den oppheld seg i sjøområdet omkring er det uheldig med ei utviding av oppdrettsanlegg her. Austrheim kommune har saman med nabokommunane ein av dei beste bestandane av havoter i Hordaland.

Det at leveområda til havoteren fort kan koma i direkte konflikt med næringsinteressene her vil føra til at oterbestanden i området kan verta råka hardt. Oteren likar laks og dette vert det konflikstar av i samband med drift av slike store matfiskeanlegg. I slike samanhengar er det oteren som vert den tapande part. Kommunen finn at omsøkte tiltak vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

Av omsyn til kort avstand mellom oppdrettsanlegget ved Jibbersholmen og rekefeltet og gytefeltet i nærleiken, så meiner rådmannen at ein må unngå bruk av kjemikalier som inneheld kitinhemmarar på dette matfiskeanlegget. Austrheim kommune er såleis oppteken av at avlusingsmidlar som inneheld kitinhemmere ikkje vert brukt på dette anlegget. Dette gjeld særleg her kor det er registrert verdifulle førekomstar av reke, kreps, krabbe og hummar og anna fisk. Det er og koralrev i nærleiken av dette anlegget.

Rådmannen sitt syn til uttale til søknaden er at det er viktig at alle ilane/fortøyningar frå matfiskeanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan i område FFNF. Austrheim kommune ynskjer og av omsyn til skaldyr i området og på grunn av nærleiken til rekefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikalier som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse to punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland

Fylkeskommune.

Rådmannen finn at omsøkte tiltak nært både holmar og landområde vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova. Dette må Hordaland Fylkeskommune ta med seg i handsaminga si vidare.

